

Spørsmål til spørjetimen 18.10.18

Fremja av Frode Hervik (V)

Stortinget har vedteke endringar i opplæringslova med verknad frå 1. august 2018.

Endringane inneberer mellom anna at skulane skal sørgje for at elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller regning, raskt skal få tilbod om intensiv opplæring. Opplæringa kan verte gitt som eineundervisning i ein kort periode. Dette føreset at omsynet til eleven sitt beste talar for det.

Dette er ei svært positiv endring, som styrkar den tidlege innsatsen opp mot elevar som av ulike årsaker ikkje har knekt alle kodane. Å innfri lovendringa krever også ekstra ressursar. Samstundes finst det også elevar både på mellomtrinnet og ungdomsskulen som heng etter og kanskje har behov for tilsvarande.

Spørsmål:

Korleis innfrir Radøy kommune lovendringa med tanke på ressursar og organisering? Og kva med elevar på mellomtrinnet (5.-7.) og ungdomsskulen som heng etter, og som ikkje har hatt slike rettar. Har det vore vurdert å sette inn tilsvarande tiltak også retta mot dei under parolen «alle skal med»?